

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 3 2018

Guri - utan filter

Side 2-5

Ambassadør

Side 6-7

Olabil-løp

Side 12-13

Varhaug- marken

Side 28-29

Jærmessa

Side 30-31



Europamester!

Side 32-33



Guri - utan filter

Guri Ånestad (1892-1968) er kanskje den mest kjende og særmerkte kvinna som Varhaug har fostra. Livet hennar var ei innføring i livsnyting og ei stadfesting på at ein kjem langt ved å vera seg sjølv.

Av: Sjur Håland

Fine folk i Byen sa «de» til folk dei møtte på sin veg. Til Guri var det best om dei brukte førenamnet og sa «du». Ho var jærbu og lite van med å gjera skil på folk. Mellom mykje anna ho rokk gjennom livet, var den sjølvstendige Guri ei drivkraft i etablering av bondekvinnelaga, og ho var medlem i kringkastingsrådet i åtte år. Kvinna frå Ånestad var i si samtid synonymt med stor takhøgde, imponerende samfunnsengasjement og fantastisk mat. I tillegg var ho eit kulturmenneske som elska å gå på konsert i datidas kulturhus, Atlantic Hall eller å gå i Rogaland Teater, få minuttars spasertur frå der ho budde.

Jordnær blant kjendisar

Om størrelsar som skodespelarane Claes Gill eller Liv Ullmann var på middag (og det var dei ofte når dei hadde førestillingar på teateret) trong ikkje Guri gøyma seg bak sminke eller andre filter. Ansiktet var maskulint og firskore. Håret var, på hennar godt vaksne dagar, gråleg, kortklypt og praktisk. Ho hadde kraftige kinnbein, ei sterk hake, tynne lepper og eit litt smalt, granskande blikk som festa seg som lim til den ho prata med.

Når Guri Ånestad sette seg ned på i den blomstra mjuke 50-tals lenestolen i den rikt møblerte stova, låg sigarettøyken oftast som ei konstant grå sky under

taket over henne. Guri baud dei faste matgjestene i huset hennar i Stavanger på middag med dessert, kaffi og varmande punsj. Avertere trong ho aldri. Ho trakterte, saman med medhjelparen på kjøkkenet, kring 50 personar med varm mat på ein vanleg dag. På det meste hadde ho 92 middagsgjester i etestova si. Det var advokatar, legar, studentar, skodespelarar, journalistar, dommarfullmektigarar eller andre. Mange av dei var det me i dag ville kalla kjendisar. Fellesnemnaren var gjerne at dei var på eit mellombels opphald i Stavanger og budde på hybel. Maten og opplevingane dei fekk hjå Guri, gløymde dei aldri. Same kor godt vande dei var, hadde dei aldri smakt maken. Praten etter maten var like viktig som det rike måltidet. Guri var alt på ein gong. Mor, vertinne og fortruleg ven. Ho gjorde stort inntrykk på folk.

Følg kista

I mai 2018 var det femti år sidan 76-år gamle Guri Ånestad døydde etter eit sjukeleie på Stavanger sjukehus. Ho vart gravlagd på Varhaug gamle kyrkjegard. Torsdag 16. mai 1968 bilte det store gravfølgjet i kortesje frå kyrkja på Odland for å jordfesta Guri i den eldgamle kyrkjegardsjorda nede ved havet. «Me skal køyra frå Odland og ut til Varhaug-garden. Kyrkjegarden

der kan vera vanskeleg å finna. De må følgja kista», var beskjeden frå bedemannen etter alle kransnedleggingane og etter at kallskapeland Lars Lie hadde talt til dei sørgjande, før kista vart boren ut og plassert i bilen. Guri budde i Stavanger og hadde eit nettverk av vener frå heile landet. Framandfolk, som hadde manøvrert seg fram til Varhaug kyrkje, hadde neppe funne fram til kyrkjegarden på eiga hand.

Miste mor

Ho hadde spurt om å få bli gravlagd nett her. Og ho hadde testamentert bankinnskott, verdipapir og kontantar til vedlikehald og sårt turvande opprusting av kapellet og kyrkjegarden, der mellom mange andre, også mor hennar, Malena, vart gravlagd. Vesle Guri var ikkje fylt fem år då den 34 år unge Malena i mars 1897 døydde av tuberkulose og vart lagt i jorda der nede ved havet. No skulle ho liggja attmed mor si.

Femti år etter gravferda er namnet hennar og livet ho levde i ferd med å enda i gløymeboka i det breie laget av folk frå Varhaug. Det er synd, for Guri Ånestad er noko å strekkja seg etter og kan vera eit førebilete også i dag. Difor er det på tide å børsta støvet av minnet etter ei uvanleg sprek kvinne.

Den eldste av dei fem døtrene til

Malena Ellingsdotter frå Håland og Erik Svensson Ånestad heitte Grete. Ho vart gift med Peter Vagle frå Høyland i Sandnes i 1910. Fjorten år seinare, i 1924, tok Grete og Peter over garden etter faren og stemora hennar. Det er denne garden barnebarnet deira, Peter Vagle, saman med kona, Solfrid, driv i dag.

Gurine eller Guri, som ho vart heitande, vart fødd i kammerset i jærhuset på Ånestad, midt i hesjinga, måndag 11. juli 1892. Ho var den fjerde i søskenflokket på fem. Yngste søstera, Maria, som vart gift med Martin Ånestad, kom til veda to år seinare, i 1894.

Barneåra

«Ho hadde ein god barndom på Ånestad i Varhaug», står det å lesa i ein kortfatta biografi. Livet på Varhaug kring år 1900 var knytt til arbeid og plikter. På Ånestad var det småbarn, tenestejenter, drenger, og heilt sikkert mykje liv og røre. Nærleiken til dyra og naturen var intens. Ungane kunne fiska aure i bekken på fritida, skremma hønene på vaglet eller berre dilta berrfota til hestehagen og klappa merra og følet, om det var ein søndag og merr og ungene var frie til å gjera det dei ville. Ungane spikka seljefløyter og leika bomma og gøyma. I onnene måtte dei vera vaksne folk og plukka stein, tynna nepeåkeren, lø torv eller trø høylasset.

Matinteresse

Når vinterstormane fekk pannesteinane til å losna og dansa som granatsplinter i lufta, var det forbod mot å gå ut. Guri var midt oppi alt dette. Ho observerte og saug til seg alle inntrykka. Særleg må ho ha vore interessert i det som føregjekk i

eldhuset og på kjøkkenet. Kanskje nynna og song ho stundom til den jamne duren frå smørkinna eller mjølkeseperatoren. På garden vart det bakt, sylta og safta. Kjøtskjering og -kverning, pølsestapping og konservering av bær, eple og pærer, høyrde med til haustens gjeremål. Mat mangla dei ikkje. Familien Ånestad var arbeidsame og ressurssterke etter datidas standard.

Nytta tida

Middagsmåltidet vart servert på hauglødde fat til garden sine folk. Når kveldsmørket seig på, vart parafinlampene tende. Då nytta kvinnfolka tida til strikking og sying, karding og spinning. Mannfolka reparerte sko, lappa selety eller spikka rivetinder. Ikkje eit minutt skulle spillast. Tida vart nytta til arbeid, like til lyset vart blese ut. Då tok den kolsvarte jærnatta over. Unge og vaksne kraup under teppet på halmadrassane i omnskråbenken, på loftet eller i kammerset.

Ugift

Guri Ånestad vart aldri gift. Men ho vart svært sosial og glad i samvær med all slags folk. «Hygge» var eit ord ho gjerne brukte. Men ho hadde lite til overs for openlys flørting og «kjæresteri» mellom forelska par. Då kunne det opne og glade blikket mørkna aldri så lite. Om det hadde med tapet av mora eller at ho av ein annan grunn sjølv viste lite av dei indre kjenslene får me ikkje svar på.

På Lerbrekk skule lærte ho å lesa og å skriva. I klyngetunet på Ånestad låg bygningane til fem eller seks gardsbruk samla. Her har ho truleg fått god tilgang til bøker. Som vaksen hadde

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, DNT Edru Livsstil, Vennelaget for Lerbrekk Skule, Elgane Motorsykel klubb og Vennelaget for Lennsmannsløa

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Lenita Salte, bondelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem

Ane Mjåteveit, bygdeungdomslaget

1. varamedlem

Kjartan Aanestad, skulekorpset

2. varamedlem

Astrid Skreting, Lensmannsløa

Redaktør

Liv Hobberstad



ho stor sans for både lyrikk og prosa. Ikkje akkurat typisk jærsjk. Litteraturinteressa har krope under huda alt som barn. Den store boksamlinga hennar og dei mange maleria vart testamenterte til Hå kommune. Bøkene omfatta alt frå klassikarar av Arne Garborg og Sigrid Undset, til verdshistorie, kvinneportrett, leksika og bøker om heimkunnskap. Samlinga fekk plass på biblioteket på Nærbø. Maleria vart sett i stand før dei fleste vart hengde opp på rådhuset. Konservatoren heitte Arne Storstein. I eitt brev til kommunen i 1971, verdset han maleria til 50.000 kroner. Eit betydeleg beløp. Han peikar samstundes på at det vil kosta litt å få maleria presentable. Matos og tobakksrøyk hadde sett spor. «Samlingen var i en relativt god forfatning, men var meget skitne», skriv han.

Vart herda

Mor, Malena, døydde før Guri hadde fylt fem år i 1897. Eldstesøstera, Grete, var også berre eit barn som ikkje kunne erstatta mora sitt fang. Å spørja dei vaksne kom ikkje på tale. Sorg, sagn og personlege kjensler var tema det aldri vart snakka om. Verken på Ånestad eller andre stader. Den vesle jenta måtte turka tårene og bera børa sjølv. Kanskje kunne ho kviskra det vondaste inn mot den varme halsen til merra.

Då Guri var 13 år, i 1905, gifta far, Erik, seg med den 53 år gamle Elen Pedersdotter. Elen var gift med Maurits Reiarson på Kydland, som døydde i 1900. Ho hadde ikkje barn med Maurits, og fekk, naturleg nok, heller ikkje barn i det andre ekteskapet. Korleis det var for tenåringen Guri å få ei stemor, seier saga

ingenting om. Berre lett har det heilt sikkert ikkje vore. På Ånestad vart ho likevel herda for eit liv som trugen arbeidsmaur. Fundamentet vart lagt for at ho kunne verta ei livsnyttande, sterk og samfunnsengasjert kvinne.

Siste bolken om livet og lagnaden til Guri Ånestad får du i neste nummer av Varhaugbuen. Fram til då kan du testa ut ei av dei tallause oppskriftene etter henne:

Guri Ånestad si eplekake

2 store egg
1,5 koppar sukker
1 kopp kveitemjøl
1 teskei bakepulver
1 spiseskei potetmjøl
4-5 eple

Rør egg og sukker kvitt. Bland det tørre og vend det forsiktig i. Ha deigen i rundform som er smurt i botnen. Stikk båtar av skrelte eple nedi. Strø over kanel og eventuelt litt sukker. Steik ved 170 grader



Guri sine folk: Familien på Ånestad er fotografert etter at Erik bygde nytt våningshus og flytte driftsbygningen snau 200 meter austover frå det gamle klyngetunet der bygningane til Brit Irene og Tor Magne Kvía står i dag. Utsiftinga skjedde kring år 1900. Fotografiet er teke ein gong i tidsrommet 1905-1909, truleg i 1906. Erik, far til Guri, står i midten saman med kona, Elen, Guri si stemor, på si venstre side. Til høgre for dei står foreldra til Erik, Sven og Grete. Tre av dei fem døtrene til Erik er med

på biletet. Maria står heilt til venstre. Dei to gutane, Torgny og Sverre Kvía, er søskenbarna til Guri. Dei var sønene til Erik si søster, Grete, og kom til Ånestad etter at begge foreldra deira døydde.

Som ein kuriositet kan nemnast at far til Sven (oldefar til Guri), Erik Svensson (1777-1859), var klokke i kyrkja på Varhaug og sentral då kyrkjelyden sine folk gjekk til valurnene for å indirekte velja representantar til riksforsamlinga på Eidsvoll i 1814. Fotografiet tilhøyrer Solfrid og Peter Vagle.



I Stavanger: Her har familien Ånestad teke togreisa til fotograf Körner i Stavanger. Kanskje i samband med giftarmålet mellom Elen og Erik i 1905. Andleta er alvorsprega, slik det skulle vera ved ei så høgtidleg anledning. Likevel er det små smil å spora i andleta til far, Erik, og Guri. Frå venstre: Grete, Guri, Erik, Elen, Elen (stemor), Maria (med dukka i fanget og Malena. Fotografiet tilhøyrer Solfrid og Peter Vagle.

i cirka 30-40 minutt. Avkjøl på rist. Server kaka lunken med piska kremfløyte, creme fraiche eller vaniljesaus.

Når kaka er klar, kan du ta leggja eit raust stykke på ein asjett. Skjenk deg samstundes ein kopp kaffi (eller punsj). Set deg så i fjernsynskroken og sjå Ingrid Espelid Hovig sitt

1966-intervju med Guri Ånestad. Du finn tv-innslaget om du søker «livskunstner frå Jæren» i NRK sitt arkiv.



Mor: Malena Ånestad, døydde før Guri hadde fylt fem år, i 1897. Fotografiet tilhøyrer Solfrid og Peter Vagle.



Ungdom: Guri Ånestad fotografert i konfirmasjonsalderen. Fotografiet tilhøyrer Solfrid og Peter Vagle.

Ambassadør frå Varhaug

Else Berit er den fyrste ambassadøren frå Varhaug. Ho begynte i Utanriksdepartementet i 1987 og har vore ambassadør i Canada og no i Irland. For sitt arbeide i utanrikstjenesta er ho utnevnt som Riddar av Den Kongelige Norske Fortjenesteorden for embetsfortjeneste. I samband med dette, er ho vorte kontakta med spørsmål om ho er viljug til å fortelja litt om seg sjølv, tida si på Varhaug og Jæren og om sitt arbeide i utanrikstjenesta. Dette takka ho ja til og Varhaugbuen takker henne for bidraget til bladet.

Av: Ingvar Reiestad

Varhaug i mi tid

Det fyrste minnet eg har frå barndommen min er hestar med kjerre og melkespann som leverte melk på meieriet på Varhaug. Eg vaks opp i Skulegata, rett ved det som no er barneskulen på Varhaug, og den gongen var det få hus og fritt syn ned til jernbanen, og det vesle som var av sentrum. Dette var på 1960 og -70 talet, og bygda og liva våre var i sterk endring. Eit anna klart barndomsminne er då fjernsynet kom til Varhaug og var utstilt i vinduet til den einaste butikken som selde elektrisk utstyr. Kvar kveld sto vi utanfor og såg inn på dette nye vidunderet som sendte bilete frå verda utanfor. Det er enno eit magisk minne som gjorde sterkt inntrykk på meg og som viste at det var ei stor verd utanfor bygda.

Barndom

Eg opplevde barndommen på Varhaug som trygg og god. Få bilar og meste ikkje trafikk i gatene. Ruth Hoff, Rønnaug Hobberstad, Tove Håland, eg og fleire andre sykla rundt og leika fritt. Hunden vår, Pelle, vart også berre sluppen ut i hagen og kom inn når han sto utanfor døra. Ingen gjekk tur med hunden. Det

var noko som ein gjorde i byen og ikkje hos oss. Far, Dagfinn Ekeland, var dyrlege og godt kjend på bygda, og eg var ofte med han rundt på gardene. Det var gildt. Mor, Else, var den fyrste helsesystera i kommunen og nokre gonger fekk eg kjensla av at ho kjende alle som budde her. Eg var alltid omtalt som dotter til dyrlegen og helsesystera, og det var fyrst då eg flytta frå Varhaug at eg vart min eigen person.

Jærmat

Vi hadde røtene våre godt planta på Jæren. Mormor var frå garden Efjestad - les Ævest og mor hadde vokse opp på Nærbø, mens far hadde slekta si frå Gjesdal. Heime var det jærmat som vart servert. Lammahåve og komla, blodkomla, lammaføde med mylja, steikt sild, lever og så var det pølser frå slakter Skretting på Varhaug. Det er den beste kjøttbutikken i verda, og så lenge mor levde, var eg innom minst to gonger i året for å kjøpa med meg lammahåve og pølser. Borna mine som er fødd i Filippinene, USA og i Bærum, har alle lammahåve og komla som favoritt.

Internasjonalt engasjement

Etter barneskolen på Varhaug der eg berre sprang over vegen



Else Berit Eikeland

og inn på skulen, var det buss til ungdomsskulen på Vigrestad, og deretter tre år med toget til Bryne Gymnas før eg drog til Bergen og universitetet for å studera. Etter studier i Bergen og eitt år som arbeidende leiar i Norsk studentunion, samt ulike jobbar i Oslo, søkte eg aspirantopptaket i Utanriksdepartementet og begynte der som aspirant i 1987. Eg har vore utestasjonert i Filippinene, USA, Storbritannia og som ambassadør fyrst i Canada og så no i Irland. Oppveksten og identiteten min som Jærbu frå Varhaug har alltid vore med meg som ein styrke og som ei referanse ramme til å forstå andre folk og kulturer. Då eg var liten, gjekk eg ofte på basar på Misjonshuset og var med på å samle inn pengar til misjonærene i mine favorittland

Kamerun, Etiopia og Madagaskar. Dette var det fyrste internasjonale engasjementet mitt, og det var kanskje det som skapte interesse for diplomati seinere i livet.

Kompetanse om verda utanfor var viktig den gongen og ikke minst i dag.

Utanriksdepartemente

Eg har hatt eit godt og interessant liv i Utanriksdepartementet, og i all hovudsak har det gått fint å flytta med familien rundt til dei ulike utanriksstasjonane. Ein ambassade og ein ambassadør representerer norske myndigheter, og arbeidsoppgavene varierer frå alt som å leggja til rette for utanriksminister eller andre politiske besøk frå Noreg til å hjelpa nordmenn som har mista pass eller treng oppfølging på anna vis. Fremme av næringslivsinteresser har i aukande

grad vorte viktig for ambassadane, og både i Irland og i Canada har det vore sentrale ansvarsområder for meg. På trass av aukande internasjonal kontakt over landegrensene, så har diplomatiet i form av personlig kontakt ikke mista si betydning. Kanskje er det snarere tvert i mot at meir kontakt forutset ei sterkare rolle for norske myndigheter i utlandet.

Tilbake til Varhaug

Då mor og og far levde, var eg på Varhaug fire - fem gonger årleg. No er eg kanskje tilbake ein gong i året for å besøka gravene deira og slekta, kjenna og høyra vinden blåse og gå dei faste turane i utmarka og på stranda som eg gjekk med far. Barndommen og oppveksten speiler seg i naturen og veret på Jæren. Varhaug er ein del av meg.



FRÅ REDAKSJONEN

Det eg skriv til nr. 3 av bladet i fjor, handla mest berre om regn og atter regn. I år har det vore heilt motsett. Me har hatt sol og sommar med høg temperatur, og ikkje regn i det heile. I fjor hadde bøndene problem av di dei ikkje kom ut på den blaute jorda for å berga grøda. I år har det vore så turt at det ein sådde ikkje vaks, det var helst bere ugraset som klarte seg. Heldigvis så kom det regn til slutt, så på vår kant av landet har det vorte noko lysare. Men det er mykje verre på austlandet. At det har vore forbod mot å vatna plen og hage, er sandeleg ikkje noko me er vane med.

--

Men det er nok alvorlegare ting folk på Varhaug har vore oppteken av den siste tida. Det utenkelege og veldig triste skjedde, ei ung jente vart drepent og ein herifrå er og mistenkt for ugjerninga. Stakkars familiane. Koss skal dei klara og koma seg vidare i livet? Det er ikkje lett for oss som står utanfor å tenka seg det. Men historia har lært oss at det er utruleg kva folk klarar når alt berre er svart, så me vil håpa at desse og kan få det godt igjen ein gong i framtida.



Jæren Olje

Den ny oppførde bensinstasjonen på industriområdet ved Buevegen, har nok ikkje vore så glade for stenginga av vegen. Men dei som har kjennskap til denne, veit at det går an å kjøra opp dit, for vegen er ikkje stengt for gjennomføring før ved Skrettingland.

Då Varhaug vart sett på kartet

Styret i Varhaugbuen var samde i at me kunne ikkje laga noko nytt blad utan å nemna den tragedien som ramma bygda. Som regel er det både gildt og ganske lett å vera redaktør for Varhaugbuen. Men då eg vart pålagde denne oppgåva, sleit eg ein del. Eg tok kontakt med Mons Skrettingland, og me vart same om at me skulle snakkast etter minnemarkeringa ved rådhuset måndag 12. august.

Av: Liv H.

Eg var på denne markeringa, og det gjorde både vondt og godt. Alt var veldig fint lagt til rette frå kommunen si side, både med song, dikt og innslag frå Misjen og Iden. Særleg gjorde opninga til rådmannen og diktet til Helge Torvund godt.

Varhaugbuen har fått alt stoffet frå rådhuset denne dagen. I tillegg fekk eg diktet av Torvund, som me kunne bruka som me ville. Her har eg prøvd etter beste emne å samla saman noko av det som vart sagt på markeringa:

--

Rådmann Anne Berit Berge Ims: **Alt godt, Varhaug. Alt godt!** Dette var overskriften på en debattartikkel i Stavanger Aftenblad onsdag 1. august, skrevet av debattredaktør Solveig G.Sandelson. Hun fortsette i same artikkelen med å si «Det kan ikkje finnast større utfordringar for eit lokalsamfunn enn dei Varhaug står i nå». Dere klarer dette. Fordi dere må. På små plasser gjør de det de må.

Og da er det at eg legger til: nå **må** vi - og vi **vil**. Vi vil stå sammen og vi **trenger** å stå sammen. Sammen i sorgen. Sammen om et lokalsamfunn.

Alt godt Varhaug. Alt Godt! Dette har blitt mine ord for at vi i dag slår ring rundt Varhaug. Vi har valgt å samles for å vise at vi bryr oss om hverandre.

Samtidig står vi overfor et valg. Vi kan ikke gjøre det som skjedde **ugjort**. Men vi kan **velge** hva dette skal gjøre med oss som lokalsamfunn og som enkeltmennesker.

Vi kan velge at ingen skal måtte stå alene. I kveld velger vi å slå ring rundt Varhaug - og til å stå sammen.

Rådmannen slutta med dette: Dette er - og skal være - et lokalsamfunn bygget på tillit, trygghet, dugnad, samhold og felleskap. Dette er verdier som vi som

kommune og hele lokalsamfunnet har bygget opp over mange, mange år. Steinbukken i kommune våpenet sier noe om at det er blitt løftet tunge tak i Hå og på Jæren i mange år. Vi er vant med hardt arbeid og vi er ikke rede for å ta i et tak. Mye hardt arbeid ligger foran oss, men sammen kan vi løfte hverandre.

I kveld - er torget foran rådhuset fylt - med samhold!

--

Varaordfører Mons Skrettingland, som var fungerende ordfører i denne tunge tida, takla tv og media på ein utruleg fin og god måte. Det må sandeleg ikkje vera lett å svara på spørsmål dag ut og dag inn med ein mikrofon stukke opp i ansiktet, men dette gjorde Mons på ein varm, men likevel profesjonell måte.

Her er noko av det Mons snakka om på markeringa:

«Varhaugbygda er i sorg, det så meningslausa og tragiske har skjedd. Det er eit faktum, og tragedien sig med full kraft innover oss. Om ei veke startar eit nytt skuleår. Ein pult blir ståande tom. Me skal slå ring om dei næraste berørte familiane, slå ring om kvarandre, me skal slå ring om Varhaug-bygda. Eg kjenner på varmen og krafta som ligg i alle frammøtte, som ligg i lokalsamfunnet og som ligg i Jærbuen. Me skal reisa oss i all vår kraft. Dei ramma familiane skal kjenna på krafta og varmen i eit lokalsamfunn som stiller opp. Ei stor tragedie har ramma familiane og bygda. Ei stor sorg har den næraste familie fått på sine skulder nå, og eit sagn som er umuleg å førestille seg.

Sorga og tragedien vil alltid vera der, men det mildnar med åra. Varhaug skal igjen vera ein god, trygg plass for barn, unge og vaksne å veksa opp. Dei næraste familiane skal igjen få oppleve eit godt liv der framme, men tida er lang i bearbeiding av tung sorg. Men lokalsamfunnet skal stilla opp og støtta dykk.

Eg har som fungerande ordførar kjent på maktesløysa, kjent på sorga når eg ikkje fekk sova: Korleis har desse familiane det nå? Det har slite i både tankar og sinn, eg har følt på hjelpeløysa.

**Så reis meg opp, og bær meg over havet
så reis meg opp, og sett min fot på fjell.
Eg er sterk på dine sterke skulder.
i kraft av deg er eg meir enn meg sjølv.**

Eg har spelt denne kvar kveld dei siste vekene for å prøva å finna fred og ro. Eg tenker på samhaldet i Varhaug-bygda er dei sterke skuldrene, og i kraft av det samhaldet så er me mykje meir enn oss sjølv. Samhaldet skal reisa oss opp, og bæra oss gjennom denne stormen.»

--

Ordførar Jonas Skrettingland, som var bortreist då dette hende, sa det mellom annan slik:

«Me slår ring rundt Varhaug. Eg er glad for at eg nådde heim til denne samlinga, for eg vil gjerne vera med i ringen rundt heimbygda ... Eg har ikkje kjent Varhaug på pulsen dei siste par vekene, men eg har no kjent litt likevel i tidlege morgontimar før hanen gjel på Madagaskar. Eg har kjent på sorg. Sorg over ei som skulle ha livet framføre seg, men som berre så vidt fekk smaka på det. Eg har og kjent på ei anna sorg, sorg over eit skada sjølvbilete for Varhaug. Med dette triste og ufattelege som har sendt, har det gode biletet av Varhaug gått litt sundt, og eg kjenner på sorg. Men det er og eit anna bilete som ikkje har gått sundt. Bilete av Varhaug som ei bygd med store ressursar:

Vi har ei levande kyrkje som held ulike former for omsorg for menneske i sorg høgt.

Vi har eit idrettslag der bortmot halvparten av befolkninga er medlemmer. Eit idrettslag som har langt større og viktige visjonar enn å vinna over Vigrestad i fotball.

Vi har eit misjonshus med bortimot to arrangement pr. dag i snitt gjennom året. Og då snakkar vi ikkje berre om møter der eldre samlast og syng salmar og høyrer andakt.

Vi har lag og organisasjonar som 4H og bygdeungdomslag, for å nemna nokre.

Vi har eit næringsliv og ein handelsstand som tenkjer på meir enn pengar.

Vi har kommunen med sitt apparat, med ein oppegåande ungdomsklubb, med skular der vi møter barn og unge dagleg med mulighet for å forma og byggja opp.

Me har ressursar: Me løfter i lag.

--

I tillegg til dikt av Helge Torvund og song av Roald Haarr, var det og ei helsing frå sokneprest Gaute Øgreid Rasmussen, som slutta med desse orda:»
Og nå i kveld står vi saman for å slå ring om Varhaug-bygda og vise at bygda igjen skal bli det den var; et godt og trygt felleskap med samhold og omsorg for hverandre og til bygdas beste. Takk for at du kom og takk for at du bryr deg om Varhaug-bygda»

--

Helsinga frå misjonshuset - eller misjen - var ved Terje Bøe. Han slutta ei varm og fin helsing slik: «La oss slå ring om Varhaug - la oss rekke ut ei hjelpande hand til kvarandre. Tek du utfordringa med å finna minst ein person du vil visa omsorg til i dagane som kjem»

--

Idrettslaget - eller iden - hadde helsing ved Morten Jelsa.- a. «Som Varhaugbu og Varhaugfan er det surrealistisk å måtte stå i en situasjon som dette. Det føles som det ikkje stemmer. Mitt Varhaug, vårt Varhaug, trygge Varhaug, gode Varhaug, beste Varhaug - daglig på nyhetene i en så tragisk sak. Desverre er det sant og vi må, enten vi vil eller ikke, leve med saken. Men det må ikke få definere Varhaug som bygd. Og nettopp i dette perspektivet både vil og skal Varhaug Idrettslag spille en stor rolle. Idrettslaget sin logo: «**Alltid best sammen**», har aldri passet bedre enn nå.»

--

Etter markeringa serverte bygdekvinnelaget kaffi/lappar, og det var godt for mange å kunne stoppa igjen ei stund.



Alt godt Varhaug - alt godt: Så går dagane, og me er alle tilbake til kvardagen. Då er det viktig å huska på noko. Det var ikkje berre denne dagen me skulle slå ring rundt Varhaug, og seia «alt godt Varhaug, alt godt».

Det høyrest kanskje litt rart ut, men vårt håp er at denne triste og ufattelege hendinga kan vera med på og gjera oss alle til endå betre medmenneske. Varhaug er ei god bygd, og me kan alle vera med å gjera ho endå betre med ei varm helsing, eit godt smil, gjerne snakka til ein framand mens du står på stasjonen og ventar på eit tog, eller be ein venn/nabo/kjenning inn til ein kaffikopp. Det er ikkje alltid så mykje som skal til. Men det kan vera med på og gje både deg og ein annan ein fin dag. Så kanskje «Slå ring rundt Varhaug» har lært oss kor viktig det er «å gripe dagen». Alle kan me nok verta flinkare til å bry oss om andre og å strekka ut ei hjelpande hand om det trengs, me kan og verta flinkare til framsnakka både bygda og personar. Travelhet i kvardagen gjer vel ofte at me berre haster av garde, i staden for å stoppa ei lita stund for litt drøs.

Jon Harald og Liv

EIN HEIM

Av Helge Torvund

Eg vil at dette diktet skal vera ein heim
Eg vil at dette diktet skal opna ein tung port
Eg vil at dette diktet skal teikna ein stor sirkel
Og eg vil at alle som stig inn i denne sirkelen
skal kjenna seg trygge, kjenna seg heime,
kjenna seg verna og tekne vare på

Eg vil at dette diktet skal stryka alle kinn
Og halda om alle skuldrer som treng det
Eg vil at dette diktet skal ta imot all sorg
all fortviling og avmakt og motløyse
At dette skal vera eit dikt som kan
ta opp i seg alt som er meiningslaust
og løysa det opp i morgonlyset
som er samla i dis og dogg og tårer

Eg vil at dette diktet skal vera ei gåve
til alle hjarte som bankar svarlause i mørket
Til alle sinn som ikkje kan slutta å tvile
og som går rastlause i ring og er utan fred og kvile
Eg vil at dette diktet skal vera som eit fang
Som ein varm venn som held omkring det såraste du er

Eg vil at dette diktet skal vera ein heim
ein stad, ein plass, ei hytte, eit hus, ein katedral
for alt i oss som lyttar og ventar og veit
Eg vil at dette diktet skal seia
Kom! Me er her
i dette ufattelege – saman.



HÅ HAGELAG

13. september kl. 19.00
i Lensmannsløa på Varhaug
får vi besøk av Ingvil Egeli,
en engasjert dame fra Haua,
kaller seg «løkoman».

Wenche Kvalness kommer
også, hun serverer
grønnsakssuppe fra egen
hage.

Salg av produkter.
Alle velkomne!



R.SKRETTE A.S



Vatn - vatn - vatn !!!

Tenk at me som bønder skulle oppleve å sleppa jubelen laust når regnet kom!

I fjor gjekk me å kikka etter solgløtt mellom regnbøyene. Utfordringane med å vera bonde kan somme tider være store. Det som var godt nåkk i fjor held kanskje ikkje i år.

Før i tida hadde dei eit ordtak- *“i gode år svalt dyra”*. Det tyda at ein hadde ein tildens til å “frota” eindel med fôret gjennom vinteren. Resultatet- lens når våren kom.

Dersom avlingane ikkje er så gode må derr ein del planlegging til. For å få fôret til å vare. Håper alle klarer å få til dette, enten med kjøpt grovfôr eller større kraftfôr del.

Ein ting er sikker å der er at det kan bli dyrt for mange. Fleire har måtte slakte ned dyr. Dette fører til mykje kjøtt på markedet.

Derfor ein stor oppfordring **KJØP NORSK KJØTT!**

VBL har vart rep. med vakter på Glamad, 4H leir på Øksnevad. Laget skal også være på plass med stand på Jærmessa. Ein upperlig plass til å komme med meninger og synspunkt.

Geir



ÅRDAL & SKEIE AS

MOB: 911 52 104

ODLAND 4/s
FORSKALING OG STØYPING

4360 VARHAUG





Olabil-løp i Stasjonsvegen

Den siste veka i skuleåret plar mange gonger vera prega av rydding og aktiviteter medan elevane ventar på ferie. Lærarane for 2009-kullet på Varhaug Skule, med Liv Gjedrem Skretting i spissen, ynskte å gjera den siste veka før sommarferien til eit innhaldsrikt og spanande prosjekt, der elevane lærte noko nytt, samstundes som dei hadde det gildt.

Me valde å arrangera ei OlabilVEKE, der 4-5 elevar skulle

laga ein olabil (rennebil) i lag. Til saman skulle 2009-kullet laga ca 20 bilar. Elevane skulle bruka veka på å designa, planlegga, byggja og måla bilen, før veka blei avslutta med eit Olabil-løp på fredagen.

Liv og Arnstein Skretting gjorde ein stor innsats i å få tak i nok hjulsett. Plenklypparar og gamle barnevogner, sykkeltraller og sykklar blei henta i Pytten og demonterte, for å få nok hjul til 20 bilar. Solide material vart kjøpt inn til å laga akslingar og drag, i tillegg til

skikkelege boltar og skruer. Resten av material som me trong, fann me i restekassen til Monter på Nærbø og som restar hjå snikrar og byggeplasser. Elevar og lærarar tok med seg målingsrestar og verktøy.

Lærarane kapp opp akslingane, slik at dei passa til hjulsettet og bora hol til boltane, slik at akslingar og drag vart midtsentrert, men elles var det elevane sjølv som bygde bilen. Dei fekk ei oppskrift som dei følgde, men med ulike restematerial vart løysingane ulike.





Bilane vart svært forskjellige etter at dei fekk måling på og alle vart funksjonelle. Dei fleste haldt 4 rundar i løypa.

Spar Varhaug og Hå kommune var svært velvillige til at me kunne få arrangera Olabilløpet i jernbanegata, frå Djupholsbrua og ned til Varhaug Sparebank/ Stasjoen Pub. Kommunen sette ut skilt til å stenga av gata, start- og målskilt vart hengde opp, og foreldre, barnehagar, andre klassetrinn og besteforeldre stilte

opp som publikum i hopenal.

Det var stas å sjå alle elevane i 3.trinn koma dragande på sine bilar. Dei stilte seg opp, og alle elevane som hadde lyst fekk kjøra ein tur på deira bil. Etterpå samlast trinnet på rådhusetorget, der Liv og rektor Johan delte ut diplom til alle og premie for beste samarbeid i kvar gruppe.

Me som lærarar opplevde at elevane meistra oppgåva veldig godt. Dei arbeidde iherdig og mange var ferdige med bilen etter

2-3 dagar. Elevane lærte mykje nytt, både av praktiske ting, men og av ord og uttrykk. Ord som aksling, 2*4, bor, drill, bolt, skive, mutter, skrue, skiftenøkkel, skrujern, dobbelt halvstikk og vassbasert måling er ikkje lenger tomme ord for denne gjengen, men ord dei kjenner tydinga av og har eit forhold til.

Det vart ei fin veke med mange gode opplevingar for liten og stor.

Kristin Søyland



Hå skulesjakk

Skulesjakken har før sommaren vore på Varhaug på onsdagar kl 1730-1830. I Lensmannsløa. Fordi mange ønsker nytta Lensmannsløa til ulike arrangement, vart det i vår fleire onsdagar som ikkje kan nyttast til samling for Hå skulesjakk. Til hausten vil me starta opp skulesjakken på Oгна skule på torsdagar. Det kan verte lang reiseveg for dei frå Nærbø og Varhaug,- men no prøver me oppstart sør i kommunen. Antar oppstart vert 6. september, og speletid kl 1730-1845. Plakatar vil bli satt opp, og informasjon lagt ut på facebook-gruppa «Hå skulesjakk», og så vil det bli sendt SMS til dei som har vore medlem i skulesjakken i vår.

Me har ei side på facebook, sjå gruppe «Hå skulesjakk». Og elles er det informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Under Varhaugmarken arrangerte Hå skulesjakk «VM i utesjakk». Det var ikkje mange deltakarar, men Varhaugmeister i utesjakk 2018 vart Arvid Feed Jakobsen foran Olav Einervoll.

Til hausten skal Hå skulesjakk arrangere KM (Kretsmeisterskap) for barn og unge på Varhaug misjonshus 20. oktober. Då vert det mange lovande sjakkspelarar å sjå på Varhaug. Nokre av dei beste i Rogaland er blant dei beste i Norge og har deltatt på internasjonale turneringar i inn- og utland.

Autografjegerne



Sjakk for voksne



Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spiller på onsdagar. Semesteroppstart vert 29. august.

Fleire medlemmer var med i årets landsturnering («det store NM») i Sarpsborg i juli. (6-14/7) og gjorde ein god innsats,

Klubben arrangerte NorwayChess barneturneringer tidleg i Juni. Og dit kom verdas beste sjakkspelarar med Magnus Carlsen i spissen og helste på deltakarane og skriv autografer.

Lag turneringa 8-9/6 var i to klasser, barneskulelag og ungdomsskulelag.

Sjå bilete frå autografskrivinga, og resultatlistar for ungdomsskulane og lagoppstillinga,- Tryggheim ungdomsskule var nr 2 og eit blanda lag frå «Søre Hå» vart nr 3. sjå resultatliste og deltakarliste.

10. juni var det BGP-turnering, og deltakarane frå Hå gjorde seg godt gjeldande. Sjå resultatane frå gruppe med lilleputt, kadett og ungdom.

Jæren sjakkklubb vil arrangera NGP-turneringar i lunsjakk og hurtigsjakk helga 24-25. november. Der vil nok dei beste spelarane i Rogaland vere med.

Hauptprogrammet for klubben er ikkje klart enno, men vil bli lagt ut på internettsida og på facebook.

Klubben har egen internettside: <https://www.Jærensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

Altibox og Norway chess skolelagsturnering

Bryne VGS, 08. - 09. jun 18

Gruppe Ungdomsskoler

Nr	Navn	Lagkaptein / bordfordeling	n-Rtg	i-Rtg	Poeng
1	Skeiane	Håkon Hembre Helgøy	1407	1672	10.0
10	- Håkon Hembre Helgøy	Bord: 1	1407	1672	2.5 av 5
11	- Daniel Høyland	Bord: 2			4.0 av 5
18	- Elisabeth Jara	Bord: 3			0.0 av 5
2	Klepp ungdomsskule	Christer			5.0
9	- Christer vassend	Bord: 1			3.0 av 5
8	- Sahel Sediqi	Bord: 2			0.0 av 5
7	- Vetle Folkvord Håland	Bord: 3			1.0 av 5
3	Tryggheim	Arvid Feed Jakobsen	1087	1380	12.0
15	- Arvid Feed Jakobsen	Bord: 1	872	1240	3.5 av 5
16	- Oskar Feed Jakobsen	Bord: 2	1303	1520	5.0 av 5
17	- Adrian Soltveit	Bord: 3			1.0 av 5
4	Hinna ungdomsskule	Dmitry Rudshin	1583	2047	15.0
5	- Abyl Kizatbay	Bord: 1	2075	2047	5.0 av 5
6	- Dmitry Rudshin	Bord: 2	1092		3.0 av 5
4	- Boris Chamanski	Bord: 3			5.0 av 5
5	Bryne ungdomsskule lag 1	kim.andersen.sund@time.ko			7.0
2	- Sofie Løfaldli	Bord: 1			1.5 av 5
1	- Sven Olav Lye	Bord: 2			1.0 av 5
3	- Thilo Aasland Sund	Bord: 3			2.0 av 5
6	Søre Hå	Per-Arvid Jakobsen			11.0
14	- Sven Tobias Ueland	Bord: 1			2.5 av 5
12	- Leif Sverre Gimre Håland	Bord: 2			2.0 av 5
13	- William Ben Nilsen	Bord: 3			3.0 av 5



Flotte ungdommar og mange kjente klubbjes

Lensmannsløa Ungdomsklubb på ferietur

Denne sommaren fekk me lov å testa ut eit nytt tilbod for ungdom, nemleg ferie. Me fekk inn fantastiske sponsorar: Jæren sparebank, Eirik Håland Maskin, Folkehelsemidler, Sør-Rogaland Bilutleige, Coop Brusand, Jæren Olje og Lions Club Hå. Om ikkje dette var nok, så lånte Morten Jelsa rett og slett ut feriehytta si i Lyngdal til oss ei veke. Med desse midlene kunne me tilby 24 ungdom frå Hå ein ekstremt rimeleg ferie, med ein eigendel på kun 300 kr. Me delte dei i to ferieturgrupper med 12 ungdom om gongen. Monica C Herredsvela og Gjertine Hognestad fekk lov å vera «foreldre på turen», som bland anna innebar å spandera is, middag, betala inngangsbillett til Sørlandsbadet og Bowling. Me fekk det lett som foreldre denne veka, for dei gode stundene kom som perler på ei snor, og om ein ser

vekk frå utvask, trur eg få måtte til med noko dei ikkje hadde lyst til. Nydeleg sommarver, basseng inne i hytta og sjøkanten rett nedfor, nei heldigare går det vel ikkje å verta.

Ungdommane som fekk vera med kom frå ulike kantar i kommunen, frå Nærbø til Brusand. Alderen strekte seg frå 14 – 17 år, der fyrste gruppa var kun gutar, imens andre gruppa var delt med like mange av kvart kjønn. Me håper me kan gjenta ein slik ferie for ungdom neste år og, slik at endå fleire kan få oppleva nokre heilt avslappande dagar utan tanke på anna enn seg sjølv og kva dei neste minutta vil innehalda.



Landa noko på taket? Ingen problem for disse karane.



Bowling i Lyngdal.

saman med Loen ungdomsklubb



*Her er me nede i kveldinga for å sjekka temperaturen i vatnet.
Sørlandsbadet ligg på skrått over på den andre sida.*



Nytt frå Misjonshuset

Nå var det på'n igjen

Hausten er i anmarsj,- og alt starter opp att,- også på misjonshuset.

På haustprogrammet står møteveker, basarer, formiddagsmøter og SUNDAG (på oddetall søndager).

Kor og lovsangs grupper starter opp for fullt,- og på fredager er det ope hus i ungdomssalen (mest for tenåringer og ungdom). Og Ungdomslaget har samlinger på lørdager.

Der er mange arrangement der jenter i alle aldre er i fleirtal,- men 13. september inviterer Normisjon til HERREKVELD!!!

Nytt av året er at homlebølet på tirsdager nå vert halde i kjelleren med inngang fra parkeringsplassen (ned under kjøkkenet). Her vil også det nye «Awana» holde til på søndagsformiddager. «Awana» er eit sett alderstilpassa ressurser som betre skal hjelpe til å utruste heimen til å gje trua på Jesus Kristus vidare til neste generasjon

Sjå program på oppslag og i annonsar og følge med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå internettsida til misjonshuset. E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.
Med helsing, Per-Arvid

KULLSYREMASKIN FRA AGA



499,-



ny patron
269,-
bytte av patron
149,-

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll •
- Hjulstilling •
- Service •
- Tilhengerservice •
- Salg av dekk •
- Dekkkhotell •



Varhaug Servicenter A/S

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33

Arnfinn Røysland og Odd Dubland

Kunstutstilling i Lensmannsløa på Varhaug 2.-4.nov. 2018



Arnfinn Røysland er født på Bryne i 1965 og bor nå på Ganddal. Han maler naturalistiske bilder av dyr, fugler og landskap og er selvlært som kunstmaler. Han har bodd og arbeidet i Kenya som misjonær i 13 år. Inntrykk fra Afrika får dermed en naturlig plass i en del av hans maleri. Han har drevet med oljemaling siden 13-14 års alderen. Nå er det mer enn en hobby siden han nå arbeider som deltidskunstner. Han har hatt separatutstillinger to ganger i Klepp rådhus (2010 og

2014) og to ganger på Moi (2004 og 2012). Utenom malingen arbeider han nå som innvandrerkonsulent i Norsk Luthersk Misjonssamband.

Odd Dubland Født i Varhaug i 1938. Har hatt interesse av kunstmaling frå han var liten. Han held seg mykje til marine og landskap. Han har utgitt fleire bøker bl.anna som kunstbøker. Han har hatt mange seperatutstillingar. Han er autodidakt innan kunst.



Grillkveld torsdag 9. august



Veret var usikkert då folk samla seg ute framfor skulen, men temperaturen var god, så ingen trong å frysa. Grillen var snart varm, og grillmeistrane Arvid Varhaug og sonen Hans Varhaug, heldt varmen i t-skjorter og hadde jobb med å snu og passa på koteletter og pølser i den sterke varmen.

«Agnes & dei» rigga seg til inne i skulestova, for å vera sikre på at trekkspela ikkje blei utsette for regn. Me kikka opp mot himmelen og ynskte å stenga for nedbør, men det draup stadig nokre dråper. Me blei einige om å servera grillmaten ute, og nokre gjekk inn, mens andre absolutt ville sitja ute. Etter kvart som god grillmat med nykokte «småepler» var vel fordøya, blei me einige om å trekkja inn i skulen der alle fekk plass. Leiar Sigbjørn Varhaug ynskte igjen alle velkommen, og sa at kvelden ville bli prega av tragedien som har råka Varhaug, og den sorga som ligg over bygda.

Me starta med å syngja «Sangen til bygda» som handlar om det å ta vare på kvarandre. «Jeg vil tro at vi verner om mennesker, og om plasser i bygder der sjeler får hvile» Mange let tankane vandra, og tenkte sterkt på alle dei som er mest råka av sorg og sagn i desse daga. Så song me «Varhaug mi heimbygda» med tekst av Ragnar Fitje. Denne songen var visst litt ukjent for fleire. Det er synd, for det er ein fin song. Vidare allsong med «Gryta hennar mor» og «Den fyrste song eg høyra fekk.»

Sigbjørn fortalde om at uver og ekstremver alltid har vore. Det er ikkje noko nytt med ekstrem turke i år, og mykje regn og uver året før. Slik har det alltid vore. Han fortalde om «Storofsen», eit forferdeleg regnver i juli 1789 i Midt-Norge, som fekk Mjøsa til å stiga 10 meter og øydela 1000 gardar. Dette skuldast sein snøsmelting, kraftig regnver og sterk varme, også i fjellet. Sigbjørn fortalde også frå ei Årbok for Jæren og Dalane frå 1955, der Jonas Lea fortel om at det var snø på Synesvarden Jonsok i 1877, og om ein ufatteleg blaut, regnfull haust over heile Jæren dette året.

Me song så «Mellom bakkar og berg», Blåmann, Blåmann bukken min» og «Gje meg handa di, ven, når det kveldar» før det var tid for kaffi og kaker. Nå trong forsamlinga ikkje gå ut for å forsyne seg, og det var godt, for regnet ute hadde auka. Dei fem spelemennene spelte så «Fem røde roser» og «Heim te Jæren»

Det var tid for avslutning, og Sigbjørn orienterte om det som skal skje framover på Lerbrekk, før me song «Fager kveldsol smiler». Spelarane fekk roser som takk for musikken. Sjef Agnes skulle fylla år dagen etter, så ho måtte få litt ekstra blomar. Til avslutning song me «O bli hos meg» før Sigbjørn yngste alle dei 67 frammøtte vel heim.

Etter regnet om kvelden, openbara det seg nå ei fantastisk rød sol som farga heile horisonten rødoransje. God avslutning på ein fin og samtidig sorgtung kveld.

Inger Haugstad

Det skjer på Lerbrekk hausten 2018

Sundagskaféen held fram søndag 7. oktober og 4. november kl. 14 – 17. Velkomen til skulen for kaffi, vaflar og ein gode drøs.

Den 4. november vil det verta lansering av den nye boka som Sjur Håland har ført i pennen, om Lerbrekk-krinsen, skulen og sundagsskulen. Det vert eit kulturarrangement på skulen i tillegg til kafeen.

Helga 27. og 28. oktober skal Kunst & Kult ha 10 års jubileum med salsutstilling. Vennelaget skal selja kaffi, kaker og suppe. Begge dagane kl. 11 – 17.

Minner om at Vennelaget Lerbrekk har eiga side på Facebook der me legg ut informasjon om det som skal skje. Vennelaget er og registrerte i frivillighetsregisteret og kan ta imot «grasrotandel» i tipping.

*Velkomen til Lerbrekk skule
Helsing Vennelaget*

Lerbrekksboka

som ho vart kalla under skriveprossen, nærmar seg klar for sal.

Tittelen vert, «Kvardagsfolk», med undertittel: «Ei forteljing om Lerbrekk skule og folk frå Varhaug».

Det vert ei spanande bok. Me vil her få eit gløtt inn i den gamle skulen, i sundagsskulen, i restaureringsarbeidet og i Vennelaget. Elles får me sjå innom i enkelte heimar, og hendingar i bygda, rundt Lerbrekk skule, med mange gilde bilete attåt.



Sjur Håland t.v. og Sigbjørn Varhaug i arbeid med boka «Kvardagsfolk», som skal lanserast på Lerbrekk skule 4. november.

Foto: Tormod Aarsland.

Samtidig har me prøvd å setja «vår vesle plett på jorda» inn i eit vidare historisk perspektiv.

Det er Sjur Håland som har vore skrivaren. Han og fleire andre har gjort ein kjempeinnsats med å leita fram aktuelt stoff, bilete m.m. Sjølv har eg hatt den store glede å få vera tett på Sjur, i denne prosessen. Me har leita i gamle og nyare bilete, dokument, vore i Statsarkivet i lag, vitja forskjellige folk, osv.

Boka er ein historie om «levde liv». Og så er det du som les som til sjuande og sist skal setja karakteren.

Lanseringa av boka vert på Lerbrekk skule søndag 4. november frå kl. 13.00 – 17.00. Det vert kafé med gratis servering denne dagen. Kanskje du får eit ekstra kakestykke i tillegg!

Av programmet for dagen kan me nemna litt forskjellig: « Agnes og dei», Lars Ole og Ole Elias Bergersen, Dag Madland, ordførar Jonas Skrettingland og sjølv sagt Sjur.

Vennelaget for Lerbrekk skule vil få takka Sjur Håland for vel utført arbeid. Samtidig takk til Ueland Historiske Forlag v/Tarald Ueland, for godt samarbeid. Tarald kjem nok til Lerbrekk på lanseringsdagen, sjølv om han bur i Bergen.

Me gler oss til ein festdag på Lerbrekk skule.

Alle er hjarteleg velkomne!

*For Vennelaget
Sigbjørn*



Varhaug Bygdekvinnelag

Laget er i full gang med planane for hausten og ut året. Mykje gildt står på programmet. Før bladet kjem ut har me hatt vår årlege basar. Her brukar det å vera godt med folk som er rause med å kjøpa lodd.



Årsmøtet er 27.09. Då kjem Ståle Ree for å underhalda oss.

På møtet 25.10. har me vore heldige å få tak i Sosan Asgari Mollestad. Ho var ein gong flyktning frå Iran, og har ei fantastisk forteljing frå det verkelege livet til oss.



På julamøtet 29.11 har R.Skretting AS lova å komma for å visa oss korleis me lagar rullepølse til jul.



Me vil og minna om at det er strikkekafe i Løestova den første mandagen i månaden, og at det er trim på Idrettshuset kvar tirsdag. I tillegg til dette er det ei turgruppe som går ut frå Idrettshuset kvar mandag klokka 0930. Dette er i ein fart og avstand som passar dei fleste. Kom og bli med!!!



Varhaug Bygdekvinnelag ynskjer å gi gave til dei som har noko dei brenn for i bygda. Inga sak for lita, inga sak for stor. Send gjerne inn søknad til bygdekvinnelaget. Søknaden må vera inne før 1.12.18

Etter denne fantastiske sommaren blir det fint å gå inn i ein rolegare haustperiode. Set av siste torsdagskvelden i månaden til hyggeleg samvær i Løestova med Varhaug Bygdekvinnelag. Du kan lett bli hekta!!!



Jærtreffet 2018

Jærbelgen T.K. og Varhaug I.L.

**Inviterer til danse- og
spelemannstreff
i Varhaughallen**

21.-23. september

**Allsang lørdag kl. 13.00 (gratis)
Sal av middag, kaker og kaffi frå
kl. 12.00-16.00**

**Dans fredag og lørdag
kl. 19.00 - 01.00**

**Inngang pr. kveld kr. 250
Gjennomgangsbillett kr. 400**

**Meir info på Jærbelgen si
heimeside og Facebook**



Program for Kultur i Løa høst og vinter 2018:

- 20/9** *Country-konsert med Britt-Synnøve Johansen*
- 18/10** *Lyrisk kveldsmat med Helge Torvund.*
- 2-4/11** *Kunstutstilling med Odd Dubland og Arnfinn Røyland*
NB: Ikkje start 19:00. Kjem eigen info.
- 14/12** *Julekonsert med Julestjernetrioen Hanne Sørvaag,*
Randi Tytingsvåg og Britt-Synnøve Johansen.

Alle arrangement startar 19:00

Lunsjtreffet kl. 12:00-13:30 i Løa er for alle. 50,- for måltidet.

Datoar: 12/9, 26/9, 10/10, 24/10, 14/11, 28/11 og 12/12.

Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og mail.

For å få påminning på SMS og mail, kan dykk melda dykk inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

"LIK" Kultur i Løa på Facebook

Referat fra møte i Lensmannsløa 23.8.18

Asgeir Lode skulle fortelle historien om to XU-agenter fra krigen som aldri fikk oppleve heder og ære for farefulle oppdrag for fedrelandet.

Det var tydelig at dette var noe som interesserte folket. Gjengen fra Kultur i Løa måtte fram med mange ekstra stoler for alle frammøtte.

Geri Egil Rosland ønsket velkommen på vegne av Kultur i Løa og Hå historielag.

Det var stille i salen da Asgeir Lode begynte sitt foredrag om Erik H. Berg og Fredrik Nannestad Brekke. Vi fikk være med Lode fra han fant 150 brev etter sin svigerfar og gjennom hans søken etter flere fakta i Riksarkivet. Mange dokument som tidligere hadde vært hemmeligstempelt ble

frigitt 70 år etter krigen. Dermed kunne historien skrives om, spesielt om Fredrik Brekke. Han er blitt stemplet som overløper av flere historikere. Dette kan tilbakevises, og Lode mener at de bør æres den som æres bør.

I pausen ble det servert lapper og kaffe. Stemningen var god blant de frammøtte.

Boka «Krigshelter uten ære» kommer ut i oktober, og her vil vi finne mange opplysninger fra krigen som ikke har vært kjent tidligere.

Vi gikk hjem fra Løa med mange nye tanker og kunnskap om våre modige menn.

Sissel Roa Hobberstad



Idrettsdag 5. august

Me hadde idrettsdag på iden der vi delte ungene inn i grupper der dem hadde 15 minutter på hver post.

Postene var volleyball, handball, fotball og klatring. Det var ett møte bare for ungene som gikk på barneskolen for dem eldste skulle ha paintball. Ungene kom klokken 17 og var til 19. ungene fikk prøve seg med volleyball der det ble lagt vekt på mottak som er veldig viktig innen volleyball, dem

fikk og prøve seg i klatreveggen. Ute var det fotball der dem spilte og fikk prøve seg og vær på lag med folk dem normalt ikke er med på fritiden, og handballen var det fokus på pasninger, mottak og jobbing i forsvar men alt i alt har dette vært et veldig organisert møte og gøy for medlemmene og dem voksne.

Referent Thea





Styret var litt forveden

På det siste styremøtet i Varhaugbuen, var det einkvan som spurde kvifor Buevegen hadde vore stengt heile sommaren. Eg vart sendt ut for å sjekka. Det er nok fleire som veit kvifor, men for dei som ikkje veit; Dei held på med å laga ei stor ny bru over åa ved Kåre Djøseland. Det såg og ut som det vert sykkelsti derifrå og ned til Skretting.

Det andre me lurde litt på var kva dei skulle til med i Bratlandshagen. Her er matjorda skutta opp i store haugar og det er planert og fylt på med sand og singel. Nå har eg vore på servicetorget og fått svar: Kommunen skal til med eit stort gravearbeid. «For å redusera faren for flaum, skal kommunen leggja nye og større røyr frå Bratlandsåna og innover byggefelta på Varhaug. Ny vassledning og kloakk skal leggst frå Bratlandsåna, over ballplass, bak garasjeanlegget til Bratlandshadlet, over Dysjalsvegen mot Skreddarvegen. Det vil derfor bli ein del gravearbeid

i området i tida framover. Arbeidet skal starta opp i august og vil vara i om lag 2 år». Då forstår eg det slik at den «planerte» tomte vert ein base/opplagsplass for arbeidet som skal gjerast.

Liv



- interiørkonsulent
- golvlegger
- systue
- gave og interiør
- solskjerming
- maling
- tapet
- parkett

Vi har **utvalget** som passer deg!



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

FARGERIKE



Annie kostymer.



Dottera Emma Marie, som var mor på jobb denne dagen, viser stolt fram den nye sykkelen. Ho er klar for skulestart..

Bunadhjelpen

Mange husker kanskje at Varhaugbuen presenterte Veronica Mikkelsen og Bunadhjelpen, som held til i jernbanebygget på Varhaug i fjor ein gong.

Nå har Varhaugbuen vore i stasjonsbygget på ny, for å snakka med og høyra koss det har gått vidare. Veronica fortel at ho har hatt ein fin sommar, der ho og Ernst og har gifta seg. Men nå er det full rulle igjen med arbeid. Det har vore jamt med arbeid heile året, men veldig travelt frå januar til mai, då særleg med bunad saum. Men Monica ordnar og med klede som treng ny glidelås eller som er vorte for tronge eller for store. Det er berre å koma innom, så ser ho

om det er noko ho kan vera med hjelp til. Ho held og på med kostyma til musikalen Annie, som Fantefylgje skal oppføra på Bryne. Tenk så gildt å få vera med på noko slikt! Monica har og vorte spurt om ho vil vera ei opplæringsbedrift i bunad fram til vitnemål, men det er ikkje avklara endå. Ho skal og ha bunad kurs på nyåret. Nå i haust skal dei og flytta frå Buevegen til hus i Åvegen. Det vert jo og mykje nærare arbeidsplassen, så det ser ho fram til.

Varhaugbuen takker for drøset, og ynskjer ho lukke til vidare både med nytt hus og mykje spanande arbeid.

Liv



BETONGARBEID - TREARBEID
Mølleavn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut
Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69



RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18



Korpset avsluttet som vanlig før sommeren med en tur. I år så gikk turen til Bergen. Som vi ofte gjør på disse turene, så blir det masse kos og moro. Vi hadde satt av timer til Akvariet. Der fikk vi både kose på Gekkoer og de som turte fikk holde slange. Vi fikk også med oss sjøløveshow. Etterpå ble det en tur i badeland. God mat hører også med. Vi hadde også fått låne et konferanserom på hotellet, der vi rigget oss med popcorn og film. En kjekk tur.

Høsten står nå for tur, og det er mye som skjer. I anledning Norges MusikkorpsForbunds 100 års jubileum, skal vi være med på Jæren Korpsfestival 22. September på Bryne. Dette skjer i sammen med 26 andre korps ifra Rogaland. Med spilling og opplegg rundt i Bryne. Dette blir spennende og samtidig utfordrende.

Stavanger Open kommer vi også til å delta på. Vi har de siste årene hatt veldig gode resultater der. Dette skjer i Stavanger forum 17. November.

Fredag 16. November blir det en generalprøve og en jubileumskonsert på Varhaug Skule. Her holder vi på å samle gamle musikkanter i korpset for å feire at vi er 60 år.

Som vanlig er det alltid plass til flere i korpset, Så om du spiller et instrument, eller har lyst å lære et, samtidig som du får nye venner, har det utrolig kjekt sosialt og får oppleve mye sammen. Så gi en lyd til ene av oss i styret.

Mvh
Styret

Kjartan Aanestad, Anne Håland, Tone Rigmor Hovland Borgen og Lars Ole Bergersen (Dirigent)



Dei som våga kunne prøva seg i klatreveggen. Det var tydeleg at dette var eit populært innslag på markn

Va



Varhaugmarken

Grunna forbod med grilling, vart det ikkje den vanlege lukta utanfor butikken til Skretting, Men det var sal både av pølser og pannekaker begge dagane, og har var det selt utruleg mange pannekaker. 2.000 stk! Sanlingsplassen i teltet på fredag og laurdag, var og vellukka med mykje folk. Komiten for Varhaugmarken vil her få retta ein stor takk til alle bedriftene i tillegg til lag og foreningar som stiller opp på Varhaugmarken . Dette hadde me ikkje fått til utan velviljen deira. Mane takk!



Thaikafeen i Sentrumsgården hadde ut på gata med vårrullane sine (dei er forresten fantastisk gode)



Norgeshus hadde ei fin stand, der ungane kunne laga sine eigne fuglehus.



Det vart ganske mykje bråk og røyk, då desse sette i gang.



JÆR MESSA



Ole David Haavardsholm, Truls Reime,
Thomas Skretting



Vinnar av eldre kyr, Timpelen Ku, her med
Marie Brådli, ku nr 683 Aksa. Denne kua vart
og beste NRF, og vart Miss Jæren





Ole David
Haavardsholm,
vinnar av
kalveklassen



Den 32 Jærmessa vart greitt avvikla 25. og 26. august. VIL har meir og meir satsa på at messa skal vera noko for heile familien og ikkje minst ungane.

I år var det endå fleire ting dei yngste kunne driva med. Her var det kjempesuksess med aktivitets- løypa. Inne i gamle hallen var Vitenfabrikken på plass med Petter Smart hjørna, og her såg det ut som dei vaksne var like så ivrige som ungane. VIL i godt samarbeid med Partner Tre hadde og Emil's snekkerbu, og det var mange som gjekk heim med sverd dei hadde fått laga seg. 4H hadde ansiktsmaling, og her var det helst kø heile tida.

Kalve- og kumønstringa er like populært kvart år. Diverre var det litt mindre dyr i år enn tidlegare, og grunnen til dette er ein smittsam klauvsjukdom, som gjer at bøndene er meir aktsame med å ta dyra ut der dei vert blanda med andre.

Etter ein pause i fjor, var Skrettingen tilbake med komlå, og det var veldig populært. Det gjekk med ca 800 porsjonar. I tillegg til dugnadsfolka hadde R. Skretting 10-12 mann på jobb heile helga. Slikt står det respekt av! Teltfesten på laurdag samla 340 personar, og dei var kjempenøgde med musikken. Eva på Iden fortel at det var omtrent like mange besøkande i år som i fjor. Ho sa eg måtte få med - og ikkje minst retta ein stor takk til - dugnadsfolka. Her var det 100% fram møte! Bra!

Foto: Tone Skeie Aardal



Marie Brårdli, vinnar av
ungdimsmønstringaklassen



Kua til Timpelen Ku, vinnar av NRF og Miss Jæren. Personane på bilete er Lars Byberg, eigar, Marie Brårdli mønstrar, Inga Skretting eigar, Og Marit Epletveit



Vinnar av Jerseyklasse Sindre
Årsvoll, ku nr 392 Carla





Europamester fra Elgane

Denne sesongen har Elgane sine kjørere fått vist seg fram både nasjonalt og ute i Europa og har oppnådd veldig gode resultat.

Speedway

Mathias Pollestad slo til og vart Europamester i 85 cc.

Da lykket det endelig og Mathias ble europamester. Mesterskapet ble avholdt i Mathias sin tidligere klubb SMK (Danmark) .

Teamet til Mathias sier selv at det er fantastisk å ha blitt kjent med så mange kjekke og flotte folk gjennom speedwayen. Utrolig rørende å se rausheten guttene har for hverandre, det må være det beste ved hele sporten.

Elgane arrangerte selv VM i 2017, og da viste også Mathias lovende takter og fikk en veldig god plassering.

Mathias har også dette året kjørt VM (Youth Gold Trophy) og vart då nr. 3. Det blir spennende og sjå kva neste sesong bringer.

Espen Sola frå Elgane har også kjørt både EM og VM finaler. Bra kjørt Espen!

Elgane hadde ein fører til som skulle starte i VM, Jesper Våland, men han var ikkje restituert etter eit

beinbrudd. Håper han er «fit for fight» neste sesong.

NM Individuelt 500 cc

Løpet ble avholdt i Lunner 11 august og det var Lasse Madland Fredriksen som tok seieren denne gangen, foran Glenn Moi. Glenn har to NM gull individuelt fra tidligere år..

Espen Sola vart nr 5 i sitt første år på 500 cc, en veldig bra plassering av en så ung gutt. Tommy Thu, også frå Elgane vart nr. 7.

Liga

I helga var det Ligakjøring på Mjøsa og i Oslo, og Elgane tok meg seg en gammel travet som kjørte veldig godt. Laget besto av Glenn Moi, Espen Sola og Tage Skretting. Elgane leder nå ligaen så vi håper det går veien for laget avslutningshelga 15-16 september.

(Kjell Øyvind vart så gira av at Tage var på sykkelen igjen, så nå ryktes det at han også vil starte igjen) Trygve Skretting (12) og Varg Våland (9) stilte til start i 85 cc og kjørte også bra og det lover jo godt for framtiden til Elgane sine kjørere.

Neste løp : 15 september - Liga på Elgane. Møt godt opp, sjå annonse i Jærbladet.

Motocross

Magne Klingsheim med sitt 11.NM gull

NM veka blei for første gong arrangert i Stavanger regionen i midten av august. Det er et konsept der idretter som vanligvis ikke får så mykje mediaoppmerksomhet var i fokus. Vart arrangert for første gong i år, og det er allerede bestemt at neste års NM veka blir arrangert i Rogaland. 24 idretter fikk alle vist seg fram og NRK sporten sendte 30 timer fra NM veka. Det er litt av ei storsatsing, de viste 8 timer fra Blinken, bare til eksempel.

I forbindelse med NM veka arrangerte Bybergsanden mx klubb NM i speedcross. Speedcross er en forenkla versjon av motocross, med kortare løype og kortare heat. Speedcross er mer publikumsvennlig og ble vist på direktesendt tv i beste sendetid. Det ble kjørt 3 klasser; MX 85, MX junior og MX 2

Elgane MSK hadde fleire førere med. Størst forventning var det nok til Magne Klingsheim. Kunne Magne klare og ta sitt 11.NM gull?

Magne utklassa konkurrentane og det var ikkje noen som var i nærheten av han denne dagen. Broren Erlend Klingsheim ble nr. 11, Odin A.Larsen nr.12,

Anders Orstad nr.17, Martin Haugvaldstad nr.19. Silje Vagle, Sjur Krag og Jan Even Reinertsen kom ikkje til finalen. Mathea Selebø kjørte og i denne klassen, men gikk på trynet under kvalheatet, og måtte dessverre bryte.

Martine Hughes kjørte sammen med guttane i klassen MX 85. Hun er ei tøffe jenta som satte mange av guttane på plass. Martine kjørte inn til en fin 5.plass. Trym Krag ble nr.13 i MX juniorklassen.

NM Motocross 2018:

Det er kjørt 2 av 3 runder i NM. Elgane sine førere Mathea Selebø og Magne Klingsheim leder hver sin klasse før den siste og avgjerande runden som kjøres på Lier 1. og 2.september. Klarer de og holde seg på sykkelen og ikkje får tekniske problem, så skal vi ikkje sjå vekk i fra at de klarer og hale i land hvert sitt NM gull

Mathea Selebø frå Sokndal har denne sesongen kjørt full EM runde, og fekk ein 3. plass totalt. Veldig bra plassering av Mathea.

Elin H.

HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.



OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66





Landsstevne i Sarpsborg

I år var landsstevne i Sarpsborg i Østfold. Måndagen og tysdagen sat ein delegat frå kvart lokallag og nokon frå fylkesstyret på årsmøte. Her blei det diskutert mykje, og det vart mange gode debatter! På kvelden på måndagen var det tid for bankett, da var det på med bunad eller anna fint tøy. Me fekk servert god mat og et band spelte opp til swing. Kan trygt sei det at på tysdags morgon klokka ni på årsmøtet var det mange trøtte ungdommar med sletne danseføter. For dei som ikkje var på årsmøtet, blei dagane brukt til å rigga opp campen. Det blei satt opp både port, danseplatting, telt og anlegg.

Tysdags ettermiddag starta landsstevne for fullt. Då blei det offisiell opning og konsert med Staysmann & Lazz, Katastrofe og Mads Hansen. Resten av dagane gjekk til tevling, bading og ellers festival liv. På fredagen arrangerte me i Rogaland Bygdeungdomslag Vannsklia, dette er noko me arrangerer kvart år. Det var god stemning og det kom mange frå dei andre fylka som ville vera med. Det blei også arrangert

konkurranse mellom to lag. Seinare på dagen var det tid for swingteving. Der stilte Rogaland med eit par, og dei kom vidare til finalen. På laurdagen var det bygdedag med mange kjekke aktivitetar. Her blei det også arrangert tautrekking og Rogaland stilte med to damelag og eit herrelag. Me tok andre og tredje plass i tautrekking dame, og andre plass i tautrekking herrer. Seinare på dagen var det tid for swingfinale. Det blei dessverre ikkje palleplass på Rogaland, men utrolig flinke var dei uansett! Utpå kvelden var det konsert med Gunslingers. Her tok mange sjansen til å by kvarandre opp til dans, eller nyta ein pils.

Hællemåne for eit bra landsstevne! Me i Rogaland Bygdeungdomslag har kosa okke halvt i hel, og me håpe akkurat DU har lyst å vera med på landsstevne neste år på Hof i Vestfold!

Palleplasseringer Landsstevne 2018:

NM Spekematanretning: 2plass

NM T-R-T: 2plass

NBUM Kulturmønstring: 1plass

Fotball: 3plass

Tautrekking damer: 2plass og 3plass

Tautrekking herrer: 2plass

Tonje Djøseland



Bygdepolitisk arbeid

Me har vore på haustkurs og lokallagssamlingar. 4 gonger i året sender me også inn artikkel til Varhaugbuen om forskjellige arrangement. Eit av dei store arrangementa me har delteke i dette året er «Null hull i trafikken»

Kultur og tevlingsarbeid

Me har arrangert litt forskjellig i året som gjekk, deriblant volleyball, bading, spelekveld på BU loftet og anna før større arrangement. Me hadde og eit stort arrangement i starten av året «Kickoff 2018» der Rabalders spelte opp til dans.

Sjølv om dette arrangementet ikkje gjekk heilt som forventa, så kjem me til å prøva igjen neste år.

På landsstemne 2018 deltok desse: Tone: spekematantretning/eksteriørbedømming hest og storfe og mønstring hest.

Ane: tautrekking damer (3.plass) og eksteriørbedømming hest og storfe.

Martin: tautrekking menn (2. plass)

På sommarstevne tevla desse:

Tonje: swing og eksteriørbedømming hest (1.plass)

Ane: skattejakt

Andreas: skattejakt (1.plass)

Martin H.



Nytt styre:

Aktivitetsleder: Andreas Kvalbein, *styremedl.:* Martin Hobberstad, *tevlingsleder:* Thomas Dalen, *kasserer:* Birger Hobberstad, *Styremedlem:* Jesper Lerbrekk, *nestleder:* Linda Håland, *leder:* Tonje Djøseland, *infoleder:* Ane Mjåtveit.



ÅRSMELDING 2017-2018 FOR

Varhaug Bygdeungdomslag

Dette er sakane me på sist årsmøte valte å ha hovudfokus på i 2017-2018

- Aktivitetar for medlemmar i alle aldra.
- Få meir medlemmar.

Organisatorisk

Årsmøte

Årsmøtet blei avhalde på Internatet på Varhaug, den 14.08.2018.

Me starta med innleiing om eit aktuelt tema, deretter blei det ordinære årsmøte gjennomført. Det var ingen medlemmar til stades utanom dei som skulle inn i styret til neste år.

Referat frå årsmøtet kan ettersendast om ynskjeleg.

Styret

Styret har hatt 12 styremøte, og styret har bestått av:

Leiar:

Martin Hobberstad

Tevlingsleiar:

Andreas Kvalbein

Nestleiar:

Tonje Djøseland

Infoleiar:

Ane Mjåtveit

Kasserar:

Eirik Jr Varhaug

Styremedlemmar:

Birger K. Hobberstad

Aktivitetsleiar:

Oskar Håland

Gunnar G. Skretting

Medlemmar:

Lokallaget i Varhaug hadde pr 31.1.2018 42 medlemmar, som er ein reduksjon på 16 medlemmar i forhold til i fjor. Lokallagets vervemål for i fjor var 99.

SpareBank
SR-BANK
Sammen får vi ting til å skje.

BDO AS
Avd Jæren
Rådhusgata 2A, 4360 Varhaug
Telefon +47 51 79 12 20
www.bdo.no

- Alt innen tømmerarbeid
- Rehabilitering bad, vi ordner alt.
- Tilbygg/ påbygg
- Nytt tak, nye vindu, ny kledning
- Etterisolere boligen

BYGGMESTER
SKRETTINGLAND & LOBEKK AS
Telefon 982 46 475 - Mail post@bm-sl.no

Takk!

Bygdekvinnelaget vil takka næringslivet, og ikkje minst Liv, for alle dei fine gevinstante me fekk til basaren. Liv seier det er berre ei glede med den årlege tiggerunden, for ho møter så utruleg mange positive menneske. Basaren har opp gjennom åra gitt laget mykje pengar, som me igjen har brukt til å støtte kyrkja, skulen, korps og andre med ting dei ynskte seg og hadde bruk for. Styret

Olabil løp i Stasjonsvegen

Det har vore ein fantastisk flott sumar, med ganske høg temperatur. Men den dagen løpet skulle arrangerast var det så sterk og kald vind frå nord, at det var så vidt bilane fekk nok fart ned bakken. Det måtte litt «skobbing» til frå både Mindor og andre. Men det er aldri så gale at det ikkje er godt for noko. Med liten fart, vart det heller ingen uhell. Det var mange som stod på sidelinja og heia på køyraryane, og dei fleste hadde kledd seg godt både med boblejakker og bobledress. Eg hadde ikkje merka meg den kalde vinden, og hadde alt for lite klede på. Så det var ikkje lenge før eg fekk «naglabed» der eg for opp og ned i gata for å få meg det mesta.

Stor honnør til skulen for dette flotte opplegget.

Her var det – akkurat som i 4H: «**Læra ved å gjæra**»

Liv

En alliansebank i **eika**.

procenta



Vi spiller alltid på hjemmebane

Alle lag er best hjemme.
Derfor spiller vi rett og slett ikke bortekamper. Jæren er stort nok for oss. Lokalbanken er ett lag.
Plassert sju bra plasser på Jæren.

Telefon 03290
www.jaerensparebank.no

Bryne ◊ Jærhagen ◊ Kleppe ◊ Kverneland
Undheim ◊ Varhaug ◊ Vigrestad

 **jæren**
sparebank

Internatet Varhaug SA



Administrasjonen i Gåvefondet til Jæren Sparebank, gjorde ein ny vri i år ved utdelinga av gåvene. Dei samla alle frå Time, Klepp og Hå, som hadde søkt om tilskot/gåve til ei felles utdeling i Jæren Sparebank Arena på Varhaug. Dette tykte eg var veldig bra, for då fekk ein og kjennskap til mange ulike aktivitetar i nabo kommunane. Internatet Varhaug SA fekk kr. 50.000 i tilskot til rehabilitering av bustadhuset, og her får styreleiar Olav Husveg og sekretær Liv gåvesjekkken av Arne Gravdal.

Årsmøte

Varhaug bygdekvinnelag skal ha årsmøte torsdag 27. september kl. 19.00. Saker til møtet må styret få innan 6. september.



Diktlesing

18. oktober vil Helge Torvund lesa frå og snakka om si siste diktsamling «Tidslys», og han vil òg teikna og fortelja om si bok «filosoFISK» og lesa aforismar frå denne. I tillegg vil diktaren presentera to antologiar han har sett saman det siste året. Ei bok med tekstar som har temat «trøyst» og ei samling med 101 dikt om kjærleik. Han avsluttar heilt sikkert kvelden med å lesa Varhaugsdiktet

”Ein heim”.
Astrid Skretting

ÅPNINGSTIDER

MANDAG 14:00-16:00

TORS DAG 14:00-16:30

VI ER SOM REGEL I OMRÅDET,
SÅ ER DU HER UTENOM
ÅPNINGSTIDEN RING TERJE

MOB: 917 46 992



Tlf: 51 47 22 00 – www.vb.no

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
10. november

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.



Kurs

Mandag 22. oktober vert det lefsekurs.
Påmelding til Oddbjørg Skrettingland tlf 99 10 42 54.
Bunadkurs i starten av januar 2019.

NYTT PÅ VARHAUG



åpna 30. august
i Sentrumsgården.



ABRØR



Trenger du hjelp
ta kontakt med vår
mann på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81

Tlf 48 50 97 80 post@abror.no

Vi utfører alle typer oppdrag innen:
Nybygg, rehabilitering, service, bolig, fjøs og industri



Sverre Berge
48 50 97 80
sverre@abror.no



Arne Berge
48 50 97 82
arne@abror.no



Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no



OPTIMA HUDPLEIE I FK BUTIKKEN

Hudpleie i
særklasse!



Inneholder organiske og naturlige syrer
som er sopp- og bakteriehemmende.
Uten parfyme, parabener og skadelige
kjemikalier.

OPTIMA PH SHAMPO **145,-**
FOR FOLK 200 ML

OPTIMA PH HUDBALSAM **149,-**
FOR FOLK 200 ML

OPTIMA PH HUDVASK **149,-**
FOR FOLK 500 ML

FK BUTIKEN VARHAUG
TLF. 51 77 14 70

ÅPNINGSTIDER
Man-fre kl. 8-17 Lør kl. 9-14



butikkken

fkra.no/fkbutikkken

Forbehold om utsolgt og trykkfeil i annonsen